



RAPPORT 2024 FLORØ FRIVILLIGSENTRAL

Innleiing

I september 2015 vart Flora Frivilligsentral starta opp. Flora kommune vart ein del av Kinn kommune frå 01.01.2020, som har to kommunale frivilligsentralar, ein i Florø og ein i Måløy. Florø Frivilligsentral hadde i starten av 2024 to tilsette, leiar Bente Nilsen i 100% stilling og frivilligkoordinator i inkludering Hanne-Cecilie Sande. Etter mange år med fantastisk innsats avtrer Bente Nilsen i leiar stillinga og skal over til nye utfordringar. Frå september 24 tok Hanne Cecilie Sande over som ny leiar. Malisa Hatteberg kom inn som fungerande leiar frå september medan Hanne Cecilie er i fødselspermisjon. Kontorstad er på Florø kulturhus og sentralen er organisert under kultur, idrett og fritid. Kinn kommune har ei felles ressursgruppe for frivilligheit i Kinn kommune. I ressursgruppa er det personar som representera frivilligheita som t.d. idrettsrådet og humanitære organisasjonar. Oppgåvene til ressursgruppa kan vere å komme med innspel om behov for frivillige aktivitetar i kommunen og t.d. bidra med samarbeid på tvers av kommunale tenester og frivillige organisasjonar. Eit døme på dette er aktivitetar for eldre og fritidserklæring for barn og unge. Kinn kommune har også vedteke ein handlingsplan for frivilligheit. Den kan lesast her:

<https://pub.framsikt.net/plan/nyekinn/plan-a29e928e-e36a-4058-8f45-90172c4382e5-25446/#/>

Kontaktinformasjon ressursgruppe for frivilligheit i Kinn kommune.

Kinn idrettsråd:

Dan Solberg, Florø, (representerer Volleyball)

Mobil 916 38 868, e-post: dan.solberg74@gmail.com

Håkon Christensen, Måløy (representerer m.a. bueskyting, er frivillig i redningsselskapet m.m.) Mobil: 414

48 258, e-post: haakon1chr@gmail.com

Askrova Grendalag:

Siri Sunde, Florø. Mobil 416 35 947 og e-post: sundeprodukt@gmail.com

Sørstrand Folkepark:

Silje Sveen, Florø. Mobil og e-post: siljesveen@gmail.com

E-sport gruppa/Deknepollen Bygdelag:

Geir Arne Solheim, Måløy. Mobil: 957 51 992 og e-post: geir@frequency.no

Kinn Eldreråd

Arne Rognaldsen, Florø. Mobil: 472 40 627 og e-post: arne.rognaldsen@gmail.com

Flora Røde Kors:

Gunvor Gjellro, Florø. Mobil: 905 34044 og e-post flora@rodekors.org

Vara: Alvdis Solvang, Florø. Mobil: 476 47 567 og e-post: alvdissol@gmail.com

Ungdomskontakt:

Håkon Skram Heggen, Måløy. Mobil: 462 80 333 og e-post: haeggen@icloud.com

Korps:

Dagrunn Almenning Kvalheim, Måløy. Mobil: 917 06 465 og e-post: da-kv@online.no

Administrasjon:

Siv Anett Kupaen, Måløy. Mobil: 907 46 471 og e-post: siv.anett.kupaen@kinn.kommune.no

Bente Nilsen, Florø. Mobil: 902 22 692 og e-post: bente.nilsen@kinn.kommune.no

Hanne Cecilie Sande, Florø. Mobil: 47343105 og e-post: hannececilie.sande@kinn.kommune.no

Malisa Hatteberg, Florø. Mobil 902 22 692 og e-post: malisa.hatteberg@kinn.kommune.no

Ekstern finansiering drift Florø frivilligsentral:

Statlege midlar til drift frå departementet pr. sentral: 498 369,-

Eksterne aktivitetsmidlar som frivilligsentralane i Kinn har fått eller søkt midlar til:

BufDir, ferieopplevingar, opne møteplassar, fritidserklæring: 516 261,-

BufDir Fritidskasse: 500 000,-

Gjensidigestiftelsen: 346 000,-

Symjeopplæring nyankomne flyktingar frå Statsforvaltaren i Vestland: 139 452,-

Interne midlar:

Kinn kommunestyre, fritidserklæring: 300 000,-

Totalt kr. 2 300 082,-

KURS KF har bidrege til delfinansiering av løn i frivilligsentralane for 24 og til tilskot til fritidsaktivitetar.



SAMARBEID MED TENESTENE

LEV VEL - kultur for helsa

Aktivitetar som skal motverke einsemd, passivitet og sosial utanforskap. Florø Frivilligsentral er med i arbeidsgruppa LEV VEL, der ein av suksessfaktorane er samarbeid mellom tenester, frivillige lag og organisasjonar, private aktørar, museum og andre kulturinstitusjonar. Det er også oppretta faste møter om frivilligheit og tilsette i omsorg. Det er faste planleggingsmøte om frivillige aktivitetar på Florø

omsorgssenter, Furuhaugane Omsorgssenter, Eikefjord omsorgsbustader, omsorgsbustader i Markegata 55 og på Brendebygget.

Kinn kommune var nominert og vant den nasjonale til «Leve hele livet – prisen 2020» og vi jobbar vidare med fokus på å utvikle det strategiske arbeidet med systematisk involvering og samhandling av tenester, eldreråd, frivillige organisasjonar og dialog med ulike brukarorganisasjonar. I 2023 vart Reforma Leve heile livet erstatta med ny reform «Bu trygt heime» der frivilligheita har fått ein sentral plass i 2 av 4 hovudsatsingsområde:

- Levande lokalsamfunn som tek vare på aktivitet og fellesskap
- Tilpassa butilbod, og gjere det mogleg for å bu trygt i eigen heim lengre


Leiarane i begge frivilligsentralane har gjennomført utdanninga «Frivillig koordinering i eldreomsorgen» på Verdighetsenteret. Gjennom utdanninga vart det oppretta eit felles prosjekt i Kinn «Grenseløs frivillig samhandling i omsorg» **Hovudmål:** At kommunikasjonen mellom tilsette og frivillige er så god, at det førar til meir frivilligheit og auka aktivitet for bebuarane i heile Kinn kommune. Leiarane har i 2024 vore faste innleiarar for nye studentar på studiet, saman med fagleiar Jorunn Bakke Nydal i helse og velferd.

Visjon vi jobbar etter: At alle frivillige som bidreg i omsorg kjenner at dei blir sett, ivareteken og at jobben dei gjer anerkjennast av tilsette og kommunen som heilheit.

BOWL


Saman med LEV VEL teamet og KURS KF har frivilligsentralen planlagt og arrangert Bowl World Cafè. Et konsept der elevar frå innvandrersenteret lagar mat som kjem frå deira heimland. Mat, kaker og kaffi vert servert på ope hus der dei som kjem kan velje sjølv om dei vil betale og kor mykje dei vil betale for lunsjen sin. Arrangementet har vore så velykka og har nådd ut til et bredt publikum. Konseptet om BOWL vert vidareutvikla, der det har fått eige logo, større oppslutning og det satsast på å etablere konseptet. I 2024 var frivilligsentralen også med å arrangerte julebowl med over 250 besøkande. Generelt på desse arrangementa kjem det mellom 100 – 200 besøkande.





Nyttårsfest for frivillige i omsorg.

LEV VEL og frivilligsentralen inviterte til staseleg nyttårsfest med raud løpar, underhaldning og 2 retters middag på Florø kulturhus. Påmeldinga var over all forventning og det kom 65 omsorgsfrivillige!



Lev Vel samarbeider om eige kultur – og aktivitetsprogram med aktivitetar på dagtid kvar torsdag kalla «OPE HUS». Kinn kommune tilbydde gratis skysst til aktivitetane også i år. Lev Vel samarbeider om å få frivillige som vil bidra til å gje ein meningsfylt kvardag gjennom «FÅ BESØK – GÅ PÅ BESØK». OPE KAFÉ på Allhuset i Eikefjord kvar fredag.

Kultur og aktivitetsprogram, gratisarrangementa og gratis skysst er finansiert gjennom Gjensidigestiftelsen.

Døme på konkrete aktivitetar frå OPE HUS

OPE HUS Vårsemester 2024

Torsdagar – gratis transport til alle Ope hus-arrangementa for deg i Florø- og Brandsøyområdet.
For bestilling ring tlf.: 57 75 60 03 (Servicetorget i Florø) innan kl. 12 dagen før.

FEBRUAR	
Mat og prat 1. februar Kl. 13.00 Havglytt	Mat smakar betre i godt lag, bli med på fellesmiddag! Raspeballar kr. 50. Påmelding i resepsjonen på Havglytt eller tlf.: 90 23 48 99. Begrensa antal plassar.
Føredrag 15. februar Kl. 13.00 Kystmuseet	Oppbygging og nedbygging - historia til Florø sjukehus ved Trygve Nybe.
Bingo 22. februar Kl. 13.00 Havglytt	Bli med på bingo! Flotte premiar. Gratis kaffi og noko attåt. Arranger: Florø frivilligsentral.
Føredrag 29. februar Kl. 13.00 Florø folkebibliotek	Harastølen – den lange og mangfaldige historia. Kvifor er eit så gigantisk byggverk plassert på ei isolert fjellhyle? I over 90 år har Harastølen vore ein heim for menneskje som var utstøtte frå samfunnet. Møt forfatter Oddrun Midtbe som tek oss med inn i historia.

MARS

Mat og prat 7. mars Kl. 13.00 Havglytt	Mat smakar betre i godt lag, bli med på fellesmiddag! Raspeballar kr. 50. Påmelding i resepsjonen på Havglytt eller tlf.: 90 23 48 99. Begrensa antal plassar.
Folketonar 21. mars Kl. 13.00 Florø kyrkje	Ein konsert med kjende folketonar frå Vestlandet – ein skatt vi ikkje må miste. Folkesongar og organist Gro Gunnarson, Inge Reksten på trekkspel og Jorunn Bakke Nydal på piano.

FASTE AKTIVITETAR	
MÅNDAGAR	
Sirkeltime Kl. 11.00-12.00 Spent	Trening i sal v/ fysioterapeut Mykola. Trening av store delar av kroppen gjennom varierte øvingar. Forflytning til ulike stasjonar med og uten vektar. Tlf.: 45 96 63 68
Andakt/song Kl. 11.00 Frelsesarmeen	Velkommen til hjemforbund, ein stad for samtale om tru og fellesskap. Kaffi, andakt og song. Tlf.: 92 23 86 45, Tarald Olav
Trimgruppe Kl. 11.10-12.00 Havglytt	Ved fysioterapeut Weronica Kinn Breidvik. Kr. 50 per gong. Ope for alle. Tlf.: 90 68 82 77
Møteplass Kl. 12.00-14.00 Røde kors-huset	For kvinner som er heime på dagtid. Sosialt og aktivt. Varierte aktivitetar med litt for ein kvar smak. Tlf.: 47 31 67 63, Saba Berhane
Bassengtrening Kl. 15.15-16.15 Havhesten	Utan musikk. Lett belastning, passar for alle. Ingen påmelding. Billettsal. Tlf.: 57 75 67 20
Bordtennis Kl. 17.00 Frelsesarmeen	Møteplass for deg som vil spele bordtennis eller brettspel, prate og ha det kjekt! Tlf.: 92 23 86 45, Tarald Olav
Sjakk Kl. 18.00 Klubbhuset v/ Florø stadion	Bli med å spel sjakk i triveleg lag! Tlf.: 95 10 04 13, Rune K. Rynning
Sykveld Kl. 18.00-21.00 Havglytt	Både maskin og hånndsøm – første måndag i månaden. Arr.: Sønn- og strikkedillaklubben. Tlf.: 92 44 86 71, Tove Herland
Husflid Kl. 19.00-21.00 Furuholmen	Aktivitetmøte for Florø Husflidslag, første måndag i månaden. Lær husflidsteknikkar i hyggeleg lag. Ope for alle. Tlf.: 95 70 04 25, Linn-Beate Haarberg

Prosjekt internasjonalt kor

Samarbeid mellom musikkterapeutane i LEV VEL-teamet, frivillige i Kinn kyrkjelege fellestråd og Florø frivilligsentral. Øving ein gong i veka i Florø Kyrkje. Her var det ca. 30 deltakarar kvar gong. Det er fokus på det sosiale og dei avslutta alltid med kaffi/te og noko attåt.



Prosjekt Florø World Choir

Frå hausten 2024 starta LEV VEL-teamet i samarbeid med KURS KF og Florø frivilligsentral opp Florø World Choir. Dette er eit gratis lågterskel kor med fokus på inkludering. Koret har fått ei fast deltakargruppe på rundt 30 medlemmer og prosjektet vart svært vellykka. Det skal vidareførast til 2025.



Fritidsaktivitet for barn med nedsatt funksjonsnivå

Møte med koordinerende eining om behov og korleis vi kan få tilpassa fritidsaktivitet for barn med nedsatt funksjonsnivå. Det er søkt prosjektmidlar frå BufDir for 2024 til dette.

Aktivitetscenteret Havglytt

Det ligg fast ei avtale mellom Havglytt og Kinn kommune som betyr at frivillige organisasjonar med senioraktivitetar kan låne lokala gratis. Det er mange aktivitetar man kan vere med på og som er godt tilrettelagt for alle. LEV VEL – Ope hus har fleire av sine arrangement, t.d. fellesmiddag og bingo!



Beredskap

Omsorgsberedskap – kommunen har avtale med sanitetslaga i kommunen. Avtala går i hovudsak inn på at saniteten skal ha ansvar for hus, mat og omsorg. Flora Røde Kors signerte beredskapsavtale med Flora kommune i 2019.

Kulturskulen

Møte og jamleg dialog gjennom året med kulturskule om fritidserklæringa. Hjelp til påmelding oppfølging av deltakarar som frivilligsentralen koordinera, i samarbeid med kulturskulen. I 2024 var det mellom 50 – 60 barn som fekk tilbod om jamleg aktivitet på Kulturskulen dekkja økonomisk gjennom den lokale fritidserklæringa.

Frivilligheit i ungdomskulen som valfag – Innsats for alle.

I 2024 hadde Florø ungdomskule 2 klassar. Frivilligsentralen bidrog med opplæring om frivilligheit, etikk og teieplikt for elevane, samt førebuing til og kartlegging av behov for frivillig aktivitet. Dei samarbeida mest med tenesta omsorg og barnehagane, men var også veldig viktige frivillige i gjennomføringa av større og har mindre arrangement som språkkafé og julebowl.



KURS KF (Kinn utdannings- og ressurscenter)

Her ligger det ei avtale med kultur og fritid som utgangspunkt for samarbeidet. Florø frivilligsentral skal legge til rette for at flyktingar og innvandrarakar kan engasjere seg og delta i det frivillige arbeidet og på aktivitetar i kommunen. Frivilligsentralane hadde til rådvelde ei verktøykasse på 300 000,- i 2024. KURS KF betalte for stillinga frivilligkoordinator i 80% stilling i Florø og 10% i Måløy. Målretta fokus med å jobbe for inkludering og vere ein tilretteleggjar for aktivitetar og få nye frivillige inn i dei etablerte organisasjonane i Kinn kommune. Vi er med på jamlege møter med programrådgjevarane om lag 1 gongar per måned. Vi er også fast inne i årshjulet for opplæring om frivilligheit og fritidsaktivitet for alle introdeltakarane ved KURS KF kvart år. I 2024 har det vore arrangert fleire arrangement, opne møteplassar, jamlege fritidsaktivitetar og ferieaktivitetar.

Solbakken Asylmottak

Solbakken asylmottak vart gjenopna sommaren 2020 som eit basismottak for inntil 150 asylsøkarar som i 2023 vart utvida til 230 plassar, mykje på grunn av krigen i Ukraina. Frivilligsentralen har hatt jamlege møter med tilsette og frivillige organisasjonar som har oppretta aktivitetar for bebuarane. Fleire frivillige organisasjonar fekk midlar til aktivitetar for barn, unge og vaksne på asylmottak. Dette var m.a. Røde Kors, Redd Barna, handball, fotball og Florø Jeger og fiskeforeining. Det vart arrangert symjekurs hovudsakeleg for deltakarane på Kurs KF og Asylmottaket. 2 kurs på våraparten og 2 på hausten. Til saman 83 deltakara. Vestland idrettskrins dekkja utgiftene til dei eine kurset.

SATSING PÅ UNGDOMSAKTIVITETAR

Ungdomshuset Haffen

Florø frivilligsentral samarbeida med Haffen om tilbod for ungdom som gratis kino i skuleferiar og eit variert aktivitetstilbod på sommaren med mellom anna gratis båtførarkurs, danseverkstad, festivalar og mykje meir. Frivilligsentralen har mottatt «open møteplass» midlar frå bufdir i 2022 – 2024 som har gått til Haffen, blant anna til innkjøp av mat og aktivitetar.

Flora Vidaregåande skule

Frivilligsentralen orienterar ungdom og spesielt dei som bur på hybel om tilbod og fritidserklæring. Samarbeida med miljøarbeidarane om aktivitetar for ungdom i skuleferiane.

Verdensdagen for psykisk helse – ungdom

«Lytt til kvarandre» fordrag til ungdomskuleelevar og elevar i vidaregåande opplæring. Hadde stand om fritidserklæringen.



Båtførarkurs med avsluttande båtførarprøve

Det vart arrangert båtførarkurs for ungdom første halvår av 2024 der heile 24 kursdeltakarar fekk moglegheita til å ta båtførarprøven. Dette var eit populært arrangement som det var venteliste på. Et arrangement vi fekk gode tilbakemeldingar på.

Barneskulane

Sender jamleg ut informasjon til skulane om til dømes fritidserklæring, gratistilbod som symjeopplæring, ferietilbod i alle skuleferiane og kino med oppmoding om å vidareformidle tilboda ut i klassane.

Helsestasjonen

Hatt dialog med Helsestasjonen, der vi m.a. har diskutert kva behov det er blant barn og unge, og familiar i kommunen. Vi samarbeida om å informere ut gratistilbod til barn og familiar som har eit ekstra behov for kjekke opplevingar i kvardagen.

Oversikt over alle fritidsaktiviteter, lag og foreiningar:

Florø frivilligsentral tok initiativ til å lage ei oversikt over alle fritidsaktiviteter i Florø og Eikefjorden. Denne lista inkluderte også alle lag og foreiningar. Denne er delt ut til alle tenestene og til deltakarar på introduksjonskurset på Kurs KF. Oversikta er lagt ut på alle sentrale nettsider og digitale forum. Her er link: [Fritidsaktiviteter florø](#)

Kartlegging 3. trinn – fritidstilbod til barn og unge

I samarbeid med Helsestasjonen, Krokane skole, Brandsøy skole, Torvmyrane skule, Eikefjord skule og Florø barneskule har vi kartlegging av barn på 3. trinn si deltaking på fritidsaktivitet, «Aktiv Fritid» Metode: Informasjonsskriv til føresette. Gruppearbeid på skulen, med frivilligsentralen, helsesjukepleiar og lærarar til stades i kvar klasse. Helsesjukepleiar følgjer opp med ein til ein samtale om fritidsaktivitet med kvar elev når dei er inne til måling og veging, og følgjer opp barn med ønskjer og behov gjennom kontakt med føresette. I samarbeid med Helsestasjon, skule og føresette, koplar vi barn med behov til fritidsaktivitet dei ønskjer bli med på. Dette tiltaket er eit godt og velykka tiltak som gir eit odt bilde over situasjonen og resulterer i at fleire born deltar på fritidsaktivitet.

NAV

Samarbeida og har jamlege møter om å finne born som har behov for mellom anna fritidsaktivitet, julegleder for barn gjennom Røde Kors og skuleferietilbod. Nav bidreg også med informasjon om kva behov som finns og eventuelle endringar av behov i lokalsamfunnet.

KF Havhesten

Godt samarbeid om symjeopplæring, der Havhesten stiller med instruktørar og hjelparar. Har fått midlar av statsforvaltaren i Vestland til symjeopplæring for nykomne flyktningar for mindre kvinner og barn og fekk støtte av Vestland Idrettskrins. I 2024 vart det gjennomført 2 kurs på våraparten og 2 på hausten. Til saman 83 deltakara.

Barnevern

God jamleg dialog og møte med tilsette som melder på dei barna og familieane som har mest behov for fritidserklæringa, gratis ferietilbod, dagtilbod i feriane og julegleder for barn.

Florø kulturhus

Godt samarbeid med å arrangere gratis kinoar for familiar og ungdom med veldig godt oppmøte. Elles ein viktig arena for mange av våre arrangement, som til dømes fest for frivillige i omsorg, Internasjonal familiehelg, internasjonale arrangement og jul på kulturhuset.

Florø Folkebibliotek

Biblioteket har etablert seg som ein sosial møteplass med kjekke gratisarrangement som OPE HUS arrangementa vi samarbeider om. Fleire møteplassar er i samarbeid med frivillige organisasjonar til dømes Røde Kors sin språkkafè.



Soldalen aktivitetsgård – 4H gard

Flørø Frivilligsentral brukar aktivitetsgarden til jamnleg organisert aktivitet. I tillegg er skuleferietilbodet til aktivitetsgarden vore nytta. Etterspørselen og behov for dette tilbodet har vore aukande og i 2024 nytta 36 barn ferietilbodet og 7 barn på jamlege aktivitetar gjennom fritidserklæringa.

Krisesenteret Sogn og Fjordane

Jamnleg dialog og informasjon om tilbod, der både vaksne og barn nyttar seg av dei frivillige møteplassane, ferietilbod, julegleder for born og fritidsaktivitetane i Florø.

Krokane skule

Med utgangspunkt i et behov så er det starta opp fast mødregruppe på Krokane skule. Dette er ein fin møteplass med fokus på inkludering og hjelp til å betre forstå det norske skulesystemet. Frivilligsentralen hadde hausten 2024 eit møte der vi hadde power point og prate om kva vi kan hjelpe med, bidrag til fritidsaktivitet, frivillig arbeid og aktivitetane som skjer i kommunen. Viste også aktivitetsskalenderen friskus.



MØTE MED FRIVILLIGE LAG OG ORGANISASJONAR

Kinn Eldreråd

Samarbeid gjennom LEV VEL og Leve heile livet og planlegging/gjennomføring av eldredagen. Leiar for eldrerådet er også representert i ressursgruppa for frivillighet. I 2024 vart ikkje eldredagen markert. Vi jobbar for tettare dialog og styrking av eldrerådet slik at dette blir markert i 25.

Ope Kafe Eikefjorden – bredt samarbeid med 5 foreiningar

Jevnlige møter og dialog med 5 ulikeforeiningar Røde Kors besøksteneste, Eikefjord grendelag, Eikefjord bondekvinnelag og sanitetsforeiningane i Eikefjord og omegn. Saman har dei mellom anna ansvaret for fredagskafè på Allhuset. Dette er eit gratistilbod, med servering av suppe, vaflar og kaffi, samt enkel underhaldning. Dette er blitt eit viktig etablert tilbod for folk som bur heime på dagtid. Frivilligsentralen er med på eit møte i halvåret for koordinere og planlegge tilbodet i samarbeid meg Jorunn Bakke Nydal og dei 5 foreiningane.

Flora Røde Kors:

Besøktjenesten i Florø og Eikefjord: Arrangement og besøk på institusjonar, omsorgsbustadar og ute i heimane. Dei har totalt 10 frivillige ein til ein gjennom prosjektet til kommune FÅ BESØK – GÅ PÅ BESØK. Elles har dei frivillige bidrege på felles arrangement som kino, utfluktar, shoppingturar, grillfestar, krabbefestar, sommarfestar og julefestar i omsorgstenesta. Røde Kors har også frivillige som har velværepleie på institusjon og bidrar på juletreffest.

Dagstur med M/S Atløy til Steinvik Fiskefarm

I samarbeid med M/S Atløy vart familiar invitert på dagstur til Steinvik fiskefarm. Her var det aktivitetar både frå store og små. Heile 28 deltakarar var med og det var venteliste på arrangementet.

Zumba – trening for damer

Gratis trening kvar veke på Florø kulturhus, speilsalen. Viktig folkehelseiltak og veldig sosialt med flinke frivillige instruktørar. I regi av rødekors medlem.

Møteplass for kvinner på dagtid – Damegruppa!

Røde Kors drifter denne aktiviteten sjølvstendig. Veldig kjekk fast møteplass på Røde Kors huset på dagtid måndagar. Her finner dei på mykje kjekt som å gå turar, bake bollar, strikke/hekle og spele spill i lag.

Julegleder for barn

Juleglede på kr. 400,- pr. barn i form av gavekort frå Amfisenteret sponsa av Sogn og Fjordane Røde Kors. Stor respons frå tenestene som meldte inn behovet. Totalt var det 385 barn som fekk ei julemerksemd frå Røde Kors som var meldt inn av NAV, Kurs KF, barnevernet, krisesenteret, helsestasjonen, skulane og enkeltpersonar i Florø og omegn. Dette er eit flott og viktig tiltak som motverker sosial ulikskap. Frivilligsentralen stod for utdeling av informasjon og koordinerte behova frå tenestene. Røde kors delte ut korta og tenestene distribuerte dette innad.

Språkkafè på biblioteket

Dette tilbodet vart drifta våren 24. På hausten etter nyttilsette på frivilligsentralen og stor endring innad i røde kors vart ikkje tilbodet satt i drift igjen, grunna manglande frivillige. Våren 25 vart det starta opp att som eit prøveprosjekt dersom det er nok frivillige. Hovudfokuset er at dette skal vere ein sosial møteplass, der språk, kultur og tradisjon står i fokus. Så spelar dei og brukar norsk språk.



Florø Jeger og Fiskeforeining

Samarbeid og tilrettelegging av båttur og fisketur saman med Flora Røde Kors.

LHL Flora Bremanger

Møte om korleis skape aktivitet i laget og korleis vi kan samarbeide for å få eit meir aktivt lag.

Rebekkalogen Lanternen

Dei er «fadderorganisasjon» for Markegata 55 med fellesaktivitetar og møteplassar for bebuarane.

Flora Pensjonistlag

Samarbeid og dialog gjennom aktivitetar i LEV VEL. Har ansvaret for OPE HUS arrangementet fellesmiddag på Havglytt. Pensjonistlaget har også bringe/hente ordning til fellesmiddagen på Havglytt som var eit av behova dei eldre ønskja: Transport til aktivitetar.

Kinn Idrettsråd

Idrettsrådet har ein representant i ressursgruppa for frivilligheit i Kinn kommune.

Eikefjord Idrettslag

Samarbeid om fritidserklæringen.

FSK fotball - Fotballskulen ferietilbod og jamleg organisert aktivitetar.

Sommarferietilbod, der frivilligsentralen bidreg med økonomiske midlar i tillegg til fotballskolar i feriar elles. Omtrent 100 born har fått tilbod om jamleg organisert aktivitet kvar veke.

FSK Handball - Handballskulen ferietilbod – vinter, sommar, haust og jamleg organisert aktivitet

Handballskule i vinter, sommar og haustferien. Merk at handballskulen i sommar og haustferien var gratis for dei med trong økonomi for alle og betalt av frivilligsentralen sine eksterne og kommunale midlar. I 2024 fekk 70 barn tilbod om jamleg organisert aktivitet kvar veke noko som er ei drastisk auke frå tidlegare år.



Krokane Sanitetsforening

Har arrangert ein familieleirar på Teigen med totalt 37 personar og 7 frivillige. Dette er eit fantastisk helgetilbod med overnatting og masse aktivitetar som bingo, fiskeing, kano, leikar og grilling i bålpanna. Det er også eit viktig tilbod for dei familieane som ikkje har høve å reise på ferie og som kan skape felles opplevingar saman som familie.



Krokane Sanitetsforening arrangerte ei storslått markering av kvinnedagen 8. mars. Her vart det presentert nyare forskning på kvinnehelse og sentrale tema som føde- og barselomsorga var tatt opp som tema. På dette arrangementet bidro Florø Frivilligsentral med gratisbilletter.

Florø Sanitetsforening

Babytreff i samarbeid med Flora helsestasjon med møteplass ein gong i veka på helsehuset.

Kløvertur to gongar i veka og onsdagstreff med lett lunsj ein gong i veka.

Florø skoles musikkorps

Samarbeid om rekrutteringsprosjekt for korpset, «Korps united» med spesiell fokus på inkludering, lære å spele eit instrument og sosiale møteplassar, der frivilligsentralen har bidrege med midlar til prosjektet. Og elles bidrar med midlar for arrangement av konsertar.

Bidrag til arrangement, enten som frivillige eller med finansiering av mat.

Jul på kulturhuset

Juleverkstad for heile familien saman med Florø husflidslag som hadde mykje flotte aktivitetar for heile familien med julepyntlaging og håndverk. Speidaren stilte opp med ein stasjon kor borna kunne lære meir om deira tilbod, prøve seg på spikking og knutar. I biblioteket var det teiknekrok. Krokane sanitetslag hadde ein flott stasjon med sal av all slags kaker, vaflar og kaffi. Det kom over 200 stykk og dagen var etterfølgt med gratis julekino. Arrangementet var finansiert av frivilligsentralen med kommunale midlar og Husflidlaget og krokane sanitet la ut for deira utgifter, med noko støtte til husflidlaget frå frivilligsentralen. Veldig flott tiltak og inkluderande.





Jul på

kulturhuset

 Laurdag 14. desember

 kl. 11-13

Florø Kulturhus

Det blir god julestemning på kulturhuset med
 kjekke aktiviteter for familien som juleverkstad,
 høytlesning på folkebiblioteket og sal av kaffi og
 kaker. Etterfulgt av julekino kl.13

Gratis inngang og oppe for
 alle! Vi gler oss til
 julestemning!

Samarbeid mellom Florø kommune
 og Folkebiblioteket,
 frivilligsentram og kulturhuset og
 KUBS KF, Høytleslaget og
 Nrokkene skole.



Andre tema/oppgåver som Florø Frivilligsentral har vore involvert i:

Kartlegging av frivilligsatsing

Hausten 2024 vart det gjennomført ei brei kartlegging av frivilligsatsing og samarbeid i heile Kinn kommune. Arbeidet var koordinert av stab for strategi og samordning og involverte ei grundig gjennomgang av frivilligfeltet på tvers av tenesteområda. Kartlegginga resulterte i ein rapport som no er til politisk handsaming. Rapporten vart først behandla i formannskapet i november 2024 og skal vidare til politisk handsaming i februar 2025.

Frivilligfeltet står sterkt i Kinn kommune, og dei tiltaka som har vore arbeidd med dei siste åra, blir følgt opp og vidareført i det overordna planverket. Kulturtenesta har ei sentral rolle i denne oppfølginga, og tiltaka for frivilligheit er godt forankra i kulturtenesta sitt arbeid. Dette sikrar at arbeidet med å styrke og utvikle frivilligsektoren held fram på ein systematisk og langsiktig måte.

Livssmeistringskurs på KURS KF for deltakarar på introduksjonsprogrammet

Frivilligsentralen har holdt 4 sesjonar med deltakarane på introduksjonsprogrammet. Vi hadde 3 ulike power pointer for å illustrere ulike tema knytt til livsmestring, frivilligheit, identitet og normer, roller og rollekonflikter, kultur og mykje meir. Vi gav god informasjon om kva tilbod som finnes i Florø og omegn, korleis deltakarane kan involvere seg som frivillig eller integrere seg meir i lokalmiljøet. Vi snakka om kvifor frivillig arbeid også kan vere ein veg inn i arbeidslivet og kulturlivet generelt. Vi illustrerte Friskus og korleis navigere aktivitetsskalendaren. Siste gongen tok vi deltakarane med ned på biblioteket for å vise alle dei flotte tilbodene biblioteket har og kva ressurser dei har tilgong på gratis. Alle fekk lånekort. Vi tok dei med ned på BUA og illustrerte korleis tilbodet fungerer. Dette var svært vellykka og veldig kjekt å vere med på.

Undervisning for asylsøkere på asylmottak

Undervisning for ei arabisk gruppe og ei ukranisk gruppe. Fortalte om frivillig arbeid, dei positive ringverknadane. Kva aktivitetar deltakarane kan delta på i nærmiljøet. Snakka om samfunnskordinator, aktuelle arrangement og om BUA. Vi illustrerte Friskus og korleis navigere aktivitetsskalendaren.

Kommunikasjon og omdømme

Sosiale media, lokale nyhende og nettside

Florø Frivilligsentral brukar standard nettside med profilpakka til frivilligsentralane. Vi ønskjer at den skal vere ei informasjonsside, i tillegg til at man kan skal kunne melde seg som frivillig. Er aktive på vår eiga facebook-side, der vi legger ut informasjon om aktivitetar, bilder og kva som skjer. Den hadde 1.6 tusen følgjarar desember i 24 mot 1136 11.mars 2023.

Florø frivilligsentral har fått sin eigen Instagram i september 2024. Denne nyttar vi til å nå ut til eit breiare publikum og ein større demografi. Detter er ei side vi jobbar med for å styrke. Instagram profilen har per desember 2024, 189 følgjarar og 27 innlegg.

Vi er svært stolte av at Kinn kommune i 2024 har inngått ein avtale med Friskus. Kommunen har investert i denne tenestene for å lage ein felles aktivitetsskalender for alle innbyggjarane. I kalenderen kan alle lag og foreiningar samt kommunen og kommersielle aktørar leggje inn alle sine aktivitetar og arrangement. Dette vil forhåpentlegvis auke merksemda rundt ulike aktivitetstilbydarar og foreiningar. Samtidig kan dette bidra til styrka fellesskap og aktivitet i kommunen for innbyggjarar i alle aldrar. I tillegg til aktivitetsskalenderen har

Friskus ein fritidskonto kor born kan få økonomisk stønad til å delta på fritidsaktivitetar. All informasjon om tenestene finn ein på kinn.friskus.com. Denne fritidskontoen er under oppstart i kommunen og er førespegla klar til bruk i starten av 2025. I prosessen med Friskus har frivilligsentralen bidratt med å arrangere innpillsmøte med frivilligheita og ressursgruppa for frivilligheit. Vi vil invitere breidt til fleire opplæringsøktar med tilsette frå friskus til alle tenestene i kommunen, lag og foreiningar og innbyggjarane generelt.

Avslutning

2024 har bydd på store endringar og fleire spennande moglegheiter. Nokon av endringane ved nye løysingar i kommunen og nye måtar å jobbe på gir oss moglegheit til å utvikle oss og samarbeide på nye felt. Vi ser fram til alt det som kjem i 2025.

Vi er så stolte og imponerte over alle dei frivillige organisasjonane som bidreg til gode kvardagar og som brukar så mykje tid på å inkludere andre. Vi er heilt sikker på at det er den gode samhandling og ein struktur på samarbeidet som er suksessen til kvifor vi som lokalsamfunn bidreg så mykje.

Å koordinere samhandling mellom frivillige sektor og kommunen er viktig å bruke tilsettressursar på. Vi ser at frivilligsentralane bør ha ei rolle som tilretteleggjar og handlingsplanen for frivilligheit er vedtatt bekreftar denne rolla.

Til slutt vil vi få takke alle kommunalt tilsette i tenestene og lag/organisasjonane fordi dei er så positive til samhandling med stort engasjement! Florø Frivilligsentral har ei viktig rolle med å finne dei som verkeleg har eit behov og som trenger gode kvardagar og då trenger vi tenester og frivillige organisasjonar som gjer oss merksam på dette. Saman skapte vi gode opplevingar og gjorde ein skilnad for totalt fleire tusen i Kinn kommune saman med Vågsøy frivilligsentral og våre gode kollegaer i nord Siv Anett Kupen og Randi Kristin Strand Kandal.

Med beste helsing

Hanne-Cecilie sande, frivilligkoordinator inkludering, Bente Nilsen, leiar og Malisa Hatteberg fungerande leiar.